


# Førstehjelp ved sorg

## Kva er førstehjelp ved sorg?

Det er tungt å vere åleine i sorga. Derfor har kyrkja samla tankar og konkrete tips som gjer det litt lettare for oss å vere til stades for medmenneske i sorg. Sorg er smertefullt, men sorga kan bli lettare å halde ut når ho blir delt. Kyrkja har lang erfaring med å møte og støtte sorgjande. Tipsa her er meinte som ei hjelpe i den første tida, når nokon har mista ein dei er glad i.

All sorg er unik. Det finst ingen instruksjonar som alltid er rette, det er ingen absolutte sanningar. Kanskje er det òg ei av årsakene til at så mange kjenner seg usikre når dei skal møte andre i sorg. Med desse tipsa håper Den norske kyrkja å kunne medverke til at fleire kjenner seg litt tryggare og betre førebudde, slik at ingen rundt oss må vere einsame i sorga si.



### Ta ansvar for kontakten

Vi må ikkje legge ansvaret for å halde kontakten på den sorgjande. Unngå å seie «ring meg om det er noko, eg er her for deg». Da er det stor fare for at den sorgjande ikkje orkar å vere den som skal ta kontakt. Sei heller: «Eg ringjer deg på tysdag, ta telefonen om du orkar.» Om den sorgjande ikkje svarar, kan du ringje igjen. Og igjen og igjen.



### Bryt stilla

Mange synest det er vanskeleg å ta kontakt med den som sorgjer. For kva skal du seie? Tenk om det blir heilt stille når du ringjer, eller kanskje den sorgjande tek til å gråte? Det viktige er ikkje kva du seier, men at du vågar å bryte stilla. Av og til er ei tekstmelding ei betre løysing enn ein samtale; det er ofte lettare å ta imot og svare på ei melding.



### Gi rom

Det kan vere mange som sorgjer over den same personen samtidig. Alle som har mista ein nær, har ein unik relasjon til den som er borte. Sorga er ulik frå person til person. Vi må unngå å ta over med våre eigne minne og kjensler. Vi må hugse at det som gjeld, er kjenslene til den sorgjande, same kva slags kjensler det er. Våre tankar og forteljingar er sjølvsagt også viktige – men ikkje viktigast.



### Ta initiativ

Foreslå ein heilt kvardagsleg aktivitet. Du kan invitere på kaffi, til å sjå ein film, eller til å bli med på ein liten tur ut. Mange sorgjande lengtar etter ein pause i sorga og litt vanleg kvardagsliv. Hugs at den du inviterer med, kanskje takkar nei, og det er heilt greitt. Det viktigaste er at du spør – og at du vågar å spørje på nytt.



### Vis nærvær

Mange av oss er redde for å trengje oss på, og det kan fort ende med at vi ikkje gjer noko som helst. Kanskje tenkjer vi at den sorgjande helst vil vere i fred, eller at vi skal vente med kontakt til «det verste er over». Vi må vise tydeleg at vi er der, slik at den sorgjande ikkje føler seg utanfor eller oversett.



### Ver tolmodig

Vis forståing for at alle sorgjande har sin eigen sorgprosess. Ikkje «trøyst bort» sorga, og ikkje vis frustrasjon over at den sorgjande ikkje kjem seg vidare. For sorga har ingen «best før»-dato, og det finst korkje normal eller unormal lang tid for sorg. Somme har behov for å fortelje den same historia om og om igjen, og for somme kan det vere ein viktig del av det å forstå og arbeide seg gjennom sorga.